

Arkivnr: 2014/560-89  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		

## Premiss; regional kulturplan - uttale frå Ungdommens fylkesutval

### Samandrag

Planen PREMISS: KULTUR er forslag til Hordaland sin samla politikk for kultur fram mot 2025, og inkluderer heile spekteret i kulturlivet: museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

PREMISS: KULTUR er fem planar i eitt grep – og ein pilot i nasjonal samanheng. Planen skal vere eit samordnande styringsdokument for alle dei tre forvaltingsnivåa og peike ut retninga for ein offensiv kultur- og idrettspolitik i Hordaland.

PREMISS: KULTUR, Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, har status som regional plan etter plan- og bygningslova § 8-1. I samsvar med § 8-2 inneber dette at planen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging i regionen.

Fylkesutvalet har vedteke å sende forslag til Regional plan for kultur, med handlingsprogram, på høyring med frist 26. september 2014.

Hedda Hidle og Stine Hegdal, ansvarlege for Kultur og ressurs i Ungdommens fylkesutval, har kome med slikt forslag til uttale:

*Ungdommens fylkesting stiller seg positiv for Kultur regional kulturplan for Hordaland 2015-2025.*

*Vi vil gjerne kommentere nokre emnar, som står skrevet i Kultur regional kulturplanen 2015-2025.*

*Kultur regional kulturplanen handlar for det meste om fritidstilboda her i Hordaland. Det står masse om kva aktivitetar, men lite om kor. Dette er eit problem for mange, grunna mangel på aktivitetar. Folk veit faktisk ikkje kor aktivitetane held til, og dette vil vi få betre opplyst om.*

*Det står masse om at biblioteka skal moderniserast og vere meir attraktive, men kva er vitsen viss folk ikkje veit om dei? Viss vi først skal fikse og trikse med biblioteka, kan vi like så godt gjere dei meir offentlige og synlege. På denne måten vil folk leggja merke til dei, og kanskje til og med sjekke dei ut?*

*Det er nemnt under punkt 5.9 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, 36. Fysisk aktivitet: Det er eit nasjonalt mål om at 80% av barn og unge skal gå eller sykle til skulen. Mange bor så passa langt frå skulen at det ville tatt altfor lang tid. Elevene ville blitt utslitt før skulen har byrja. Ta til dømes Bømlo kor ein del av elevane ikkje har så langt å gå/sykle til skulen, men vegane er farlege, så dei må ta buss for deira eigen trygghet. Viss det er eit nasjonalt mål burde vegane vere trygge og fine å sykle/gå til skulen på.*

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende inn slik høyringsuttale til ny regional kulturplan:

Ungdommens fylkesting stiller seg positiv for Kultur regional kulturplan for Hordaland 2015-2025.

Vi vil gjerne kommentere nokre emnar, som står skrevet i Kultur regional kulturplanen 2015-2025.

Kultur regional kulturplanen handlar for det meste om fritidstilboda her i Hordaland. Det står masse om kva aktivitetar, men lite om kor. Dette er eit problem for mange, grunna mangel på aktivitetar. Folk veit faktisk ikkje kor aktivitetane held til, og dette vil vi få betre opplyst om.

Det står masse om at biblioteka skal moderniserast og vere meir attraktive, men kva er vitsen viss folk ikkje veit om dei? Viss vi først skal fikse og trikse med biblioteka, kan vi like så godt gjere dei meir offentlige og synlege. På denne måten vil folk leggja merke til dei, og kanskje til og med sjekke dei ut?

Det er nemnt under punkt 5.9 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, 36. Fysisk aktivitet: Det er eit nasjonalt mål om at 80% av barn og unge skal gå eller sykle til skulen. Mange bor så passa langt frå skulen at det ville tatt altfor lang tid. Elevene ville blitt utslitt før skulen har byrja. Ta til dømes Bømlo kor ein del av elevane ikkje har så langt å gå/sykle til skulen, men vegane er farlege, så dei må ta buss for deira eigen trygghet. Viss det er eit nasjonalt mål burde vegane vere trygge og fine å sykle/gå til skulen på.

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*